



Rune Lindnes  
Lindnesvegen 151  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2261 - 23/21001

Saksbehandlar:  
Roba Alserhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
15.03.2023

## Godkjenning fritak gjødselplan GBNR 101/1 Vabønes

**Administrativt vedtak: Saknr: 295/23**

### VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Rune Lindnes dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.04.2028 for gbnr 101/1 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

### Saka gjeld :

Foretaket **Rune Lindnes** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr **101/1**. Dagens driftsomsfang er 16 vinterfora sauer som går ute heile året. Søkjer eig 16.1 daa overflatedyrka mark og 2.1 daa fulldyrka mark. Foretaket opplyser om at det vert nytta 60 kg fullgjødsel som vert spredt på fulldyrka mark for å produsere gress som brukes som tilskotsfor for villsau på vinteren.

GDE = 0

### VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå foretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for foretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

**Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 23/2261 »

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Alserhan  
Rådgjevar Landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Rune Lindnes

Lindnesvegen 151

5957

MYKING